

**KONTROLLUTVALET I  
SKODJE KOMMUNE**

**MØTEBOK**

Møtedato: 21. oktober 2013, kl. 16.00  
Møtestad: Rådhuset

Møtet vart leia av: Vigdis T. Bye

Elles til stades: Dag Loe Olsen, Grete Dalhaug Berg, Magnar Flaate.  
Jon Ola Røstad hadde meldt forfall.

= 4 voterande

Frå kontrollutvalsekretariatet møtte dagleg leiar Harald Rogne.  
Frå kommunerevisjonen møtte dagleg leiar Kjetil Bjørnsen.

Frå Skodje kommune møtte ordførar Terje Vadset i sak 19/13. Dessutan møtte assisterande rådmann Bente Glomset Vikhagen og økonomisjef Asle John Giske i heile møtet.

Det var ingen merknader til innkalling eller sakliste.

**SAK 15/13**

**GODKJENNING AV MØTEBOK FRÅ MØTE 23. APRIL 2013**

**Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:**

Møtebok frå møte 23. april 2013 blir godkjent.

**SAK 16/13**

**BREV FRÅ RÅDMANNEN I SKODJE KOMMUNE OM VURDERING AV  
BISTILLINGSINSTRUKS FOR SKATTEOPPKREVJAREN I KOMMUNEN**

Saksdokument frå kontrollutvalsekretariatet datert 14.10.2013.

**Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:**

Kontrollutvalet vil ikkje gi uttale i denne saka.

**SAK 17/13**

**OPPFØLGING AV FORVALTNINGSREVISJONSRAPPORT**

Saksdokument frå kontrollutvalsekretariatet datert 14.10.2013.

Orientering gitt av assisterande rådmann Bente Glomset Vikhagen og økonomisjef Asle John Giske:

**Kontrollutvalet sit samrøystes vedtak:**

Kontrollutvalet tek saka til orientering.

**SAK 18/13**

**VEDKOMANDE BUDSJETT 2014 – SKODJE KONTROLLUTVAL**

Saksdokument frå kontrollutvalsekretariatet datert 14.10.2013.

**Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:**

Budsjettet for kontrollutvalet sin opplærings-og reiseaktivitet blir sett til 40.000 kroner.

**SAK 19/13**

**PERIODERAPPORT AUGUST 2013**

Saksdokument datert 14.10.2013 frå kontrollutvalsekretariatet.

Orientering gitt av assisterande rådmann Bente Glomset Vikhagen og økonomisjef Asle John Giske:

Rådmannen har hatt ein gjennomgang av drifta. Det vart opplyst at planlagte tiltak er langsiktige, slik som vurdering av nye inntektskjelder og strukturendringar. Tiltak på kort sikt har ikkje blitt prioritert.

**Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:**

Kontrollutvalet viser til økonomireglane i kommunelova kapittel 8 med omsyn til balansekravet, realismekravet samt at budsjettet er bindande.

Kontrollutvalet viser også til kommunelova § 47 nr. 2 som pålegg rådmannen å gi melding dersom det skjer endringar som kan få betydning for dei utgiftene og inntektene som årsbudsjett bygg på.

Vidare viser kontrollutvalet til kommunelova § 47 nr. 3 der kommunestyret skal føreta nødvendige endringar og tiltak i budsjettet dersom det blir vesentleg svikt i inntekter eller auke i utgifter.

Vigdis T. Bye  
Flaate  
leiar  
(sign.)

Dag Loe Olsen  
nestleiar  
(sign.)

Grete Dalhaug Berg  
medlem  
(sign.)

Magnar  
medlem  
(sign.)